

ÅRSRAPPORT 2006



Agder og Telemark biskop • Agder og Telemark bispedømmeråd



Agder og Telemark – der kyrkjelyden veks

**Nær kjeldene for tru –
nær menneske i dag,
ei kyrkje som vedkjenner,
tener og gjev vidare**



Innhold

1 INNLEIING	2
1.1 Strategi og målsettingar for verksemda	2
1.2 Generelle hovudtrekk ved verksemda i Agder og Telemark bispedømme	3
1.3 Litt om kyrkjeleg statistikk	4
1.4 Økonomi	5
2 RAPPORTERING FOR ETATSOMRÅDE	6
2.1 Prestetenesta	6
Statistikk	6
Løn	6
Permisjon - kompetanseheving	7
Sjukefråvær	7
Rekruttering	7
2.2 Arbeidsrettleiing	7
2.3 Livsfasepolitikk	7
2.4 HMT-arbeid	7
3 RAPPORTERING FOR SEKTOROMRÅDE	8
3.1 Undervisning/trusopplæring	8
3.2 Diakoni	8
3.3 Integrering med rett til eit heilt liv	9
3.4 Unge i kyrkja	10
3.5 Kyrkjelyd og misjon	10
3.6 Gudstenesteliv	11
3.7 Kyrkjebyggforvaltning	12
3.8 Pilegrimsvandring	12

Forsidebilder:

Øverst til venstre:
Roadserviceteamet.

Øverst i midten:
Det første prosteekteparet er innsett.

Øverst til høyre:
SMM deltok på ungdomsarrangementet Celebration.

Nederst:
Gode gaver til SIMEN.

1. Innleiing

Årsmeldinga er ei felles melding for Agder og Telemark biskop og Agder og Telemark bispedømmeråd si verksemd i 2006. Årsmeldinga er delt inn i tre hovuddelar med

- Strategi og målsettingar for verksemda
- Etatsrapportering ved vekt på det arbeidet i bispedømmet som er finansiert over statsbudsjettet.
- Sektorrapportering med fokus på endringar i heile det kyrkjelege arbeidet i bispedømmet

Våren 2006 vart det halde val på nytt bispedømmeråd for perioden 2006 – 2010. Det var god oppslutning om valet. Tre av representantane frå førre periode stilte til attval og to vart gjenvaalde.

Det nye bispedømmerådet har slik samansetning:

Terje Hærås (Skien), Jorund Andersen (Kristiansand), Iselin Aartun (Lillesand), Jan Olav Olsen (Gjerstad), Stein Reinertsen (Farsund) geistleg representant, Per Øistein Rogstad (Kvinesdal) lek kyrkjeleg tilsett og biskop Olav Skjevesland.

Bispedømmerådet hadde sitt første møte onsdag 14. juni og valde Terje Hærås til leiar og Jorund Andersen til nestleiar. Terje Hærås var òg leiar i heile førre periode.

1.1 Strategi og målsettingar for verksemda

Visjonen for Agder og Telemark bispedømme er: Agder og Telemark – der kyrkjelyden veks. Nær kjeldene for tru – nær menneske i dag, ei kyrkje som vedkjenner, tener og gjev vidare.

Handlingsplanen for bispedømme-kontoret si verksemd i 2006 hadde desse hovudmåla:



Terje Hærås, leiar (Skien)



Jorund Andersen (Kristiansand)



Stein Reinertsen (Farsund)

Tenesteordninga for kyrkjelydsprestar implementerast med iverksetjing innan utgangen av året.

Prestar, prostar og andre medarbeidarar gis auka ansvar for og større kunnskap om HMT-arbeidet.

Løns- og personalsystemet SAP tas i bruk for heile verksemda. Aktivitetar og tiltak som er planlagt i strategiplanen skal gjennom-



Jan Olav Olsen (Gjerstad)



Per Øistein Rogstad (Kvinesdal)



Iselin Aartun (Lillesand)

førast. Det utførast revisjon av strategien for bispedømmerådet med god forankring i råd, stab og prestenesta.

Det har vore arbeid med alle mål-områda i 2006 og vi har kome langt. Av ymse grunnar har det teke noko lengre tid å slutføre tiltaka. Difor vil vi arbeide vidare med desse sakene også i 2007. Ein visar

til omtale av dei einskilde tiltaka nedanfor.

1.2 Generelle hovudtrekk ved verksemda i Agder og Telemark bispedømme 2006

Dåpsopplæringa i ramma av det store prosjektet involverer no 25 kyrkjelydar. Det er stort engasjement for saka, noko som syner seg i stor etterspurnad etter rådgjeving hjå undervisningsrådgjevaren. Kreativiteten og metodearbeidet har stått i fremste rekkje så langt. Men framover bør ein sjå nærare på prosjekta sine læringsmål. Kva skal «kunnast»?

Kyrkje- og skulesamarbeidet etter KRL-faget ser no ut til å ha funne sitt spor, etter ei tid der enkelte spørsmål vart stilt og problem pressa på. Såleis vart det inga uro rundt skulane sine gudstenester før jul i 2006. Nyttig i denne klår-gjeringa var både ei felles rettleiing frå biskopane og utdanningsdirektørane - og ei sams tolking av regelverket som vart sendt ut til skulane frå skuledirektøren i Kristiansand og biskopen.

Visitasen fungerer godt som kyrkjeleg og lokalfolkeleg hending. Gong på gong ser ein at visitasen etablerer møteplassar internt i kommunen: Mellom dei ulike skulane, mellom kyrkje og kommune og mellom næringsliv og kyrkje.

Ute i kyrkjelydane er det ikkje så lett å sjå markante endringar frå år til år - ut over nysatsinga på trusopplæring. Det er neppe tilfeldig at det er talet på konfirmerte som er einaste kyrkjelege handling med vekst i 2006. Dette stemmer med prosterapportane som fortel om kreativ satsing på konfirmantarbeid, at tilsetjing av arbeidarar på innsamla midlar går til barne- og ungdomsarbeidet, og at det fleire stader utviklar seg godt samarbeid med organisasjonane. Elles dreier kyrkjearbeid seg om dei lange line-

ne - gjennom såing, mogning og innhausting. Men det ein kan sjå er mellom anna at dei nye sokneråda er godt i gang i sin periode. Dessutan bør ein merke seg at enkelte kyrkjelydar gjer ein fin innsats i integreringsarbeidet. I fleire gudstenestefellesskap har kristne innvandrarak vorte eit tydeleg og godt innslag. Vi merkar at miljø med varme hjarte samlar og veks. For eksempel vil Kirkens bymisjon representera både eit diakonalt senter og ein fristad for mange som har møtt sørlandsk kristenliv på ein måte som har skapt sår. Vi treng trygge miljø som kan opna vegen inn og tilbake til kristen tru.

Talet på nye fellesskap av forsamlingstypen i organisasjonane sin regi er ikkje auka i 2006, men dei som finst byggjer ut arbeidet sitt, no også for konfirmantane. Biskopen vil uttrykke at det nok ikkje er så klokt å setje 8.-klassingane som høyrer til Den norske kyrkja i ein valsituasjon i lokalsamfunnet på denne måten. Vi ser at slike forsamlingar trør i eit uryddig landskap der mangt er uavklart både innan organisasjonen og i forhold til kyrkja med tanke på kyrkjerett, tilsynsfunksjonar og samarbeidsordningar.

Elles er det påfallande mange sokneråd som, når det kjem til i dialog med Riksantikvaren, tykkjer det går trått med endringsplanane for kyrkjebygga sine.

Stat/kyrkje-debatten tok seg opp mot slutten av 2006. På ettersommaren vart det tilskipa to orienteringsmøte om saka i regi av KS, KA og Biskopen i Agder og Telemark. Målet var å dra høyringsprosessen i gang i alle tre fylka.

Fellessamlingane fungerte godt og fleire kyrkjelydar skipa også til lokale møte om saka. Agder og Telemark bispedømme er samansett av fleire regionar, så meiningane i denne store saka skiftar nok frå område til område. Inntrykket er at Telemark, og særleg øvre Telemark, har eit fleirtal for ei

statskyrkjeordning, medan Agder, og særleg Vest-Agder, nok har eit fleirtal for Gjønnnes-utvalet sin hovudkonklusjon. Synspunkta i sokneråda speglar dette biletet.

Hausten 2006 vart det klart at Agder og Telemark biskop for første gong er vald til preses for bispekollegiet. Vi ser dette som ein stor tillit til biskopen sin person og kapasitet. For bispedømmet gjev det ein viktig nærleik til sentralkyrkjelege saker. Vi ser positivt på utfordringa dette også gjev bispedømmekontoret.

I 2006 har vi gjort grep både for å styrkja intern organisering og kommunikasjon ut. Det er gjennomført organisasjonsutviklingsprosess som har ført til reduksjon frå tre til to avdelingar. Vidare er heimesida utvikla og vedlikehalden med utstrekt bruk av nyheitsmeldingar. Vi har også teke oppatt meldingsbladet "Bispedømmenytt" for å informera

og profilera oss som retta utover og rådgjevande i tråd med visjon og satsingsområde.

Som ei oppfølging av kulturmeldinga for Den norske kyrkja (2005), sendte Kirkerådet 13.12. 2005 ut ei oppmoding til bispedøma om å vurdere aktuelle, regionale miljø for etablering av kyrkjelege sentra for kultur og utøvande kunst. Agder og Telemark bispedømme ved Agder og Telemark biskop og domprosten i Kristiansand, tok initiativ til ei etablering av eit regionalt senter i Kristiansand. Våren 2006 engasjerte difor Agder og Telemark bispedømme prosjektleiar for eit utreiingsprosjekt (tre månader) om regionalt ressurscenter for kunst og kultur.

I enkeltkyrkjelydar (for eksempel Mandal) vert det utvikla årsplanar med solide løft for «Kirke, kultur og kunst». Prostanane fortel at presstane sitt engasjement er etterspurd i Kirkeakademiarbeidet.


1.3 Litt om kyrkjeleg statistikk

Oversikt over gudstenestebesøk for dei åtte siste åra fylgjer nedanfor. Dei to første tabellane gjeld talet på deltakarar i gjennomsnitt – først for bispedømmet, så fylkesvis. Dei to neste viser bispedømmeoversikt med samla tal på gudstenester og deltakarar sun- og heilagdag.

Utviklinga i besøk pr gudsteneste inneheld relativt små endringar. Framleis har vi i deler av bispedømmet ei gudstenstedeltaking som i forhold til folketal ligg på topp i landsmålestokk. Dei siste åra har gjennomsnittleg deltakartal for heile bispedømmet variert mellom 107 og 108. Vi ser ein endringstendens i 2005 med auka gudsteneste- og deltakartal på sun- og heilagdag, og tilsvarande større reduksjon i «andre gudstenester». Vi er usikre på tolkinga av dette. Det kan reflektera eit større



Biskop Skjevesland vitja Gimle skule - visitas i Fyresdal september 2006.



arbeid i bispedømmet med nye gudstenesteforordningar som tok til å gjelda i dei fleste prostia i 2005. Men vi trur at den største endringa har med omlegging av årsstatistikkskjema frå 2004 til 2005. Dette er i tilfellet ein tendens som kan registrerast på landsplan og bør analyserast sentralt i kyrkja. I to av fylka i bispedømmet ser vi mellom anna ein nedgang i gjennomsnittleg nattverddeltaking som nok har samanheng med at nattverd på institusjonar nå skal registrerast inn blant «andre gudstenester». Vidare: Er det fleire godt besøkte gudstenester som nå statistisk er flytta frå «hovudgudsteneste»? Prostane våre melder om auka gudstenesteoppslutning på julaften, og at dette kan vera teikn på utvikling av kristen identitet i møte med det fleire-religiøse Noreg. Kanskje dreier det seg om same bevisstgjerings-trend når tal både på utmelde og innmelde er stigande.

At det totalt sett er ein svakt fallande tendens på gudstenesteframmøtet, gjer det meir enn viktig å vitalisera gudstenestelivet og gje støtte og impulsar til fornya teneste og liv hos kyrkjelege medarbeidarar. Også kyrkjelege strukturar og satsingsområde bør vurderast. Vårt bispedømme har store hytteområde både i fjellheimen og langs kysten. Både i ferie og helger har vi stor folkeforflytting. Dette ropar på kyrkjeleg nærvær på ein ny måte, både i gudstenestetilbod og preste- og diakonteneste. Vi rei-

ser spørsmålet om kyrkja her må verta like nysatsande og fleksibel og utvikla eit korps av mobile tenarar i eit mobilt og endra samfunn.

Med bakgrunn i statistikk og rapporteringar frå prostane tolkar vi situasjonen i vårt bispedømme som stabil, avventar sentral kyrkjevurdering om vi har fått eit lite kompatibilitetsbrudd i statistikken for 2005 og fylgjer utviklinga nøye dei neste åra for å sjå om vi har ein reell endringstendens.

1.4 Økonomi

Kapittel 0340/3340, Kyrkjeleg administrasjon, hadde ved utgangen av året eit netto forbruk på kr. 7.883.059 som er eit mindreforbruk

i forhold til tildelinga, på kr. 477.941. Mindreforbruket har samanheng med refusjon av sjukepengar og at det i periodar har vore problem med å skaffe vikarar. Mindreforbruket skyldast óg at det var budsjettert med innføring av nytt løns- og personalsystem (SAP). Dette er utsett til 2007. Ein har søkt om overføring av mindreforbruket til 2007, mellom anna til innføring av SAP.

Kapittel 0341/3341, Presteskapet, har ein samla netto utgift i 2006 på kr. 67.412.022. Dette gir eit mindreforbruk i forhold til endeleg tildeling (kr. 69.702.000) på kr. 2.289.978. Det store mindreforbruket skyldast i hovudsak tre forhold:


Ved sjukefråvær har ein i betydeleg grad brukt faste vikarprestar og prostiprestar som vikarar. Sjukepengerefusjonane vert difor større enn vikarutgifter.

Det var avsett midlar til implementering av tenesteordning for kyrkjelydsprestar. Dette har teke lengre tid enn rekna med og difor gjeve innsparingar.

I 2006 har ein budsjettert med full arbeidsgjevaravgift for alle prestar. Mange av våre prestar er over 62 år, som inneber redusert sats på arbeidsgjevaravgifta.

Mindreforbruket er søkt overført til neste år og vil mellom anna bli brukt til:

Økte løyvingar til kompetanseutvikling, økt satsing på seniorpolitikk, innføring av tenesteordningar i dei resterande prostia og iverksetting av tiltak for å redusere sjukefråværet.



2. Rapportering for etatsområde

2.1 Prestetenesta

Prestetenesta i Agder og Telemark bispedømme arbeidar jamt over trufast og godt. Ikkje sjeldan kjem det meldingar som uttrykkjer takk- send for prestane si teneste, både i det jamne og ved særskilte høve. Vi har ein viss «turn over» i presteskapet, men den er ikkje stor. Stabiliteten er difor høg. Det er eit inntrykk at prestar midt i 50-åra og oppover lite likar å møte den intervjusituasjonen som no er ein del av tilsettingsprosessen. Dette er ein prestegenerasjon som nok er framand for å skulle «selje seg inn» synes eit intervjupanel. Av denne og andre grunnar har fleire prestar oppe i 50-åra nok ein tanke om å bli i sitt noverande embete til pensjonering, eventuelt ein seniorfunksjon.

Det har vore ei merkbar utskifting blant prostane i bispedømmet i 2006. Prostane Njål Klevberg (Holt), Leif Westermoen (Bamble) og Olav Rune Ertzeid (Vest-Telemark) er ute av teneste i bispedømmet. Dessutan er domprost Dag Nordbø ute i eit års permisjon – med «open retur». I staden er desse tilsett: Ole Jacob Modalsli, Bente Heibø Modalsli og Øyvind Jørgensen, medan Helge Schmidt er årsvikar i domprostiet. Styrkinga av prosten som leiar av prestetenesta har halde fram. I 2006 har dette mellom anna ført til at prosten har vorte prosjektansvarleg for visitasgjennomføring. Det er også sett i verk nytt delegasjonsreglement der prosten har fått overført mynde til å avgjera saker som før låg til biskopen. Prostane har og hatt ei viktig oppgåve ved innføringa av ny tenesteordning for kyrkjelydsprestar.

Det er verd å merke seg at det er bygd opp sær gode relasjonar mellom prostane og kyrkjevevjerne gjennom felles møtepunkt og kurs-dagar. Dette samarbeidet vart styrka i 2007. Det var gjennomført ei felles leiarsamling for prostar og kyrkjevevjer i regi av KA. Dette

samarbeidet blei godt motteke, og det er planlagt nye felles samlingar i tida som kjem. Utover dette har bispedømmekontoret faste kontaktmøte med kyrkjevevjerlaget sitt styre. Vi har stor nytte av samarbeid og samtenking på dette feltet i bispedømmet. Godt resultat fekk dette også i 2006 med Stiftsdagar for kyrkjeleg tilsette. I år var samlinga lagt til Langesund og fekk glitrande evaluering – ikkje minst for «omforming» av seminardelen, der alle deltakarane fekk ei felles stabsvis erfaring gjennom ei kreativ «opplevingsvandring» i 6 stasjonar.

Implementeringa av ny tenesteordning har teke lenger tid enn planlagt, men i 2007 skal alt på plass. Tenesteordninga er no implementert i 6 prosti. Arbeidet med dette stansa heilt opp ein periode i 2007 fordi alle prestane i eit prosti kollektivt nytta reservasjonsretten til ikkje å skrive under nye arbeidsavtalar. Saka vart på nytt drøfta i bispedømmerrådet som vedtok å ikkje løyve midlar til generell lønsauke som følgje av implementeringa. Etter nye drøftingar med Presteforeininga endra prestane haldning og implementeringsarbeidet kom i gang att. Dei prostia som har skifta prost, er no i godt gjenge med implementeringsprosessen, og det er stor von om å



Det første prosteekteparet er innsett.

ha innført tenesteordninga i alle prosti før sommaren. Nokre få prestar har, med pastoralteologisk grunngeving, nytta retten til ikkje å skrive under nye arbeidsavtalar.



Statistikk

Det har i dei seinare åra vore eit uttalt ønskje frå både biskop, bispedømmerråd og administrasjon å arbeide for likestilling og ein auka kvinnedel på alle nivå og områder i bispedømmet. Sidan førre rapportering har det vore ei auke i prosentdelen av kvinner i presteskapet frå 9,0 (2005) til 9,7 i 2006. Det er nå 13 tilsette kvinnelege prestar i bispedømmet (2 prostar, 9 sokneprestar, 1 kapellan og 1 fengselsprest). Sjølv om denne auka har vore relativt liten er det likevel ei positiv utvikling som vi vonar vil intensiverast ytterligare dei komande åra. Særskilt gledeleg er det at vi i 2006 har fått ein ny kvinneleg prost.

Biskopen har i 2006 ordinert 5 prestar. Av desse er 2 kvinner og 3 menn. På bispedømmekontoret er det nå 18 tilsette, inkludert biskopen. Fordelinga av kjønn blant desse viser at leiarteamet består av 4 menn, av 5 rådgjevarar er 2 kvinner og 3 menn, og av 8 konsulentar er 4 kvinner og 4 menn (2 deltid). Det er òg tilsett ein kvinneleg sekretær ved kontoret.

Løn

I tidlegare år har lønsnivået gjennomsnittleg vore lågare for kvinner enn for menn i bispedømmet. Dette har hatt si årsak i at det har vore ein stor del av kvinner i kapellan- og konsulentstillingar. Grunna innføring av ny tenesteordning i nokre av bispedømmets prosti, samt ei endring i lønnskode-systemet, har fleire av kapellanstillingane vorte omgjorte til soknepreststillingar, og noko av denne prosentvise forskjellen vil såleis verta utjamna. Tilsetting av kvinnelege prostar drar òg i riktig retning med tanke på dette.



Permisjon – kompetanseheving

Det vert framleis delt ut permisjonar til etterutdanning og kompetanseheving etter søknad. Av eit totalt tal på 460 utdelte studiedagar med løn i 2006, er berre 22 av desse tatt ut av kvinner. Desse 22 dagane er tatt ut av 2 kvinner, mens 29 menn har tatt ut resten av studiedagane. Dette betyr at om lag 4,8 % av studiepermisjonsdagar er delt ut til kvinner.

Denne låge prosentdelen må sjåast i samanheng med at òg 3 av dei 13 tilsette kvinnelege prestane i bispedømmet har hatt fødsels-/omsorgspermisjon i 2006, og at ein av dei kvinnelege prestane har vore sjukemeld i lang tid store delar av året.

Sjukefråvær

Diagrammet syner korleis sjukefråværet har vore dei siste åra. Det samla sjukefråværet for presteskapaet var i 2006 på 4,5%. Dette er ei lita auke frå 2005.

Om vi skal seie noko om forholdet mellom kvinner og menn når det gjeld sjukefråvær, gjev enkelte sjukemeldingar store utslag med tanke på den låge delen kvinnelege prestar. Blant prestane er den gjennomsnittlege delen av sjukefråvær framleis størst hos kvinnene med 29,7 sjukemeldingsdagar pr kvinne (49 i 2005). Ei langtidssjukemelding gjev stort utslag. Hos menn er talet 7,9 dagar (17 i 2005).

I bispedømmeadministrasjonen er gjennomsnittleg tal på sjukefråværsdagar òg størst hos kvinnene med 42 (17 i 2005) og 25,1 (27 i 2005) hos mennene. Det har altså

skjedd ei endring i administrasjonen frå 2005 der kvinnene nå ligg gjennomsnittleg høgare i sjukefråvær enn mennene.

Bispedømmet har fokus på HMT-arbeid og vil i 2007 vurdere tiltak for å redusere sjukefråværet.

Rekruttering

I 2006 er det tilsett seks faste prestar i bispedømmet og alle er menn. I tillegg har departementet utnemnt ein kvinneleg prost, samt at ei kvinne er tilsett i eit treårig engasjement som sokneprest. Det vil framleis vere eit prioritert mål å få enno fleire kvinnelege prestar i bispedømmet.

Det har også i år vore satsa aktivt på å rekruttere kvinnelege vikarprestar, og desse har gjort ein god innsats i dei kyrkjelydane dei har tenestegjort i.

Ved bispedømmekontoret har det i 2006 vore tilsetjing av 2 nye medarbeidarar. Begge desse er kvinner. Det har vore ein relativt moderat søkning til utlyste stillingar ved kontoret.

2.2 Arbeidsretteiing

Bispedømmerådet har i 2006 satsa spesielt på arbeidsretteiing som personaltiltak.

I 2005 var satsinga retta særleg mot retteiing i gruppe, i 2006 har det vore satsa meir på å leggja til rette for individualretteiing. Mange prestar treng retteiing i ein avgrensa periode, etter vanskelege opplevingar i tenesta med vidare.

2006 har og vore eit år med førebuing med tanke på å etablere nye grupper og retteiingstilbod i 2007.

Arbeidsretteiing er eit tverrfagleg tilbod der prestar, kateketar og diakonar er med. Agder og Telemark bispedømmeråd har som mål at flest mogeleg av dei tilsette tar imot tilbodet om retteiing. Vi har òg starta arbeidsretteiing for prostar i 2006

2.3 Livsfasepolitikk

Agder og Telemark bispedømme har dei siste åra rekruttert fleire unge prestar. Det er eit mål for bispedømmet å gje både desse og prestar i andre livsfasar ei interessant og utviklande teneste. Samstundes må òg tenesta vere tilpassa personlege behov og livssituasjon. Det vil difor vere ei prioritert oppgåve å leggje til rette for ulike tiltak som er retta mot dei livsfasar einkvar måtte vere i.

2.4 HMT-arbeid

Bispedømmeadministrasjonen har i 2006 hatt som mål å gjere kjend innhaldet i den nye HMT boka som gjeld for alle tilsette. Alle prostia har difor hatt besøk av personalavdelinga ved bispedømme-kontoret. Det vil vere særst viktig at dei ulike kyrkjelydar og tilsette no bruker HMT materialet på ein aktiv og god måte. Administrasjonen vil i næraste framtid arrangere HMT-kurs for prostar og verneleiarar.

3. Rapportering for sektorområde

3.1 Undervisning / trusopplæring

Den store kyrkjelege satsinga på trusopplæring er også vår! I bispedømmet har vi nå 12 kyrkjelydsrelaterte prosjekt som omfattar 25 kyrkjelydar. Alt nå har det vorte viktig for oss å henta inn den inspirasjonen og erfaringa som ligg i desse prosjekta og bruka prosjektleiarane i ulike kurs og samlingar. Vår strategi har også vore å få til eit større fagleg samarbeid gjennom 5 *prostisamlingar* om trusopplæring og diakoni, som refererast nedanfor under «diakoni».

Vi har som mål å nå alle dåpsbarn med ei god og systematisk trusopplæring. Det inneber å byggja opp om det vi lukkast med og stimulera til nye grep som kan gi nyskaping og haldningsendring. Vi ønska difor å utvikla eit godt redskap for dei kyrkjelydane som ikkje har fått prosjektmidlar. Invitasjon vart sendt til sokneråda med tilbud om eit *kursopplegg* på 2 timar for sokneråd om trusopplæring.

18 kyrkjelydar melde seg på og nokre er avvist og skuva over til 2007 grunna kapasitet. Kurset har vorte eit vellukka opplegg og fleire andre bispedømme har meldt si interesse og vil laga noko liknande. Prosjektet skal evaluerast i februar med tanke på fortsetjing og oppfylgging. Slike møte med sokneråda er verdifulle. Dei gjev verdifull lokalkunnskap og kan utløysa nye ressursar som gir gode steg i rett retning. Så langt har dei avdekkat at den store utfordringa lokalt er rekruttering og utvikling av tilsette og frivillige medarbeidarar.

Vi har i 2006 hatt fleire gode samlingar med *kompetanseutvikling* av kateketar og undervisningsmedarbeidarar i bispedømmet: Felleskapstur med fokus på «Trusvandring» og to kursdagar om «Leirarbeid» og om «Innhaldet i trusopplæringa». Oppfølging og ny inspirasjon til tilsette trengs stadig, neste år står prestane for tur.

Kompetanseutvikling av frivillige medarbeidarar er også ein viktig del av arbeidet. I 2006 var det gjennomført 2 barneleiar kurs med til saman 125 deltakarar. Tema i Kristiansand var «Hvordan ta barns tro på alvor?» Tema i Porsgrunn var «Fortellertradisjonen.»

På undervisningssida er det også gjort eit større arbeid med å utvikla retningslinjer for kyrkje-skulesamarbeidet. Utgangspunktet var eit samarbeid med skulesjefen i Kristiansand. Biskopen sine visitasar så langt har vist at slike dokument og avtalar gjev eit tryggare landskap å ferdast i for alle partar og reduserer unødvendig lokal synsing.

Tiltak for undervisning og trusopplæring er utført som planlagt for 2006, med rimeleg godt resultat, men så er også trusopplæring ei stor utfordring og eit felt som krev både innsats og pågangsmot i åra framover.

3.2 Diakoni

Av nye tiltak i 2006 vil vi først trekkje fram samarbeid om trusopplæring og diakoni gjennom soknerådskurs som vart gjennom-

ført fem stader i bispedømmet, med deltakarar frå dei fleste sokneråd i bispedømmet. Det viste seg svært nyttig å ha opplæring og dyktiggjering av nye soknerådsmedlemmer på desse to viktige fagfelt. Samarbeidet har også ført til at kyrkjeleg undervisning og diakoni har funne kvarandre og har utvikla små samarbeidstiltak lokalt. Gode resultat av samarbeidet er både at dei som ikkje har fått trusopplæringsmidlar, har blitt meir positive til trusopplæringsreformen og at diakonien vert sett på som ein meir integrert del av heile kyrkjelydsarbeidet, ikkje berre som eit spesielt fagfelt som diakon eller diakonutval skal ta seg av.

Arbeidet med grønt stat og grønt kontor har halde fram i 2006. Det har også vore viktig for oss at engasjement for grønt kontor vert spreidd naturleg utover til kyrkjelydar og fellesråd.

Agder og Telemark bispedømme-råd har prioritert arbeidet med forbruk, rettferd og miljøvern lokalt og internasjonalt. Ei eiga arbeidsgruppe/ressursgruppe er nedsett til å ivareta dette og kome med idear og innspel. Gruppen deltek på seminar for alle kyrkjeverjer i mars 2007 i regi av kyrkjeverjelaget. Vi opplever ei tydeleg sterkare



Kurs i trusopplæring og diakoni i Eidanger.



Ordfører Jan Oddvar Skisland overrekte miljøfyrtårngodkjenninga.

forståing og interesse for dette arbeidet i kyrkjelydane.

Stor dag var det for oss den 3. september då Søm kyrkjelyd vart første miljøfyrtårnkyrkjelyd i bispedømet. På heimesida kan ein fylgja dette arbeidet nærare.

I mange kyrkjelydar opplever vi sterk vilje til å satse på diakonale engasjement og prosjekt på frivillig plan. Mange dristar seg også til å satse på små diakonstillingar trass i usikker økonomi. At Voie kyrkjelyd i Kristiansand som siste tilskot lyser ut diakonstilling i 50% på innsamla midlar, er imponerende. På den andre sida viser det seg at alle nyoppretta stillingar som diakonar og diakoniarbeidarar dei siste tre år i bispedømet er frå 70 % og nedover. Dette gjer at rekruttering til yrket blir smalare.

Bispedømet har fem familiekontor knytt til «Kirkens familievern» sentralt. Styremedlemmene er oppnemnt av bispedømerådet. Det pågår eit arbeid med auka samarbeid – eventuell fusjon – mellom «Kirkens familievern» sentralt og lokalt med Diakonhjemmet. Bispedømerådet har arbeidd offensivt med dette, fordi vi meiner det kan styrkje «Kirkens familievern» i vårt bispedømme på sikt.

Vi opplever at dei samlingane som bispedømet held for diakonar og diakoniarbeidarar har stor oppslutning. Fellesskapet som vert skapt på desse samlingane gir inspirasjon og pågangsmot til arbeidet, ikkje minst for dei som har lite kontakt med kollegaer utanom desse samlingane på grunn av stillingsstorleik og geografi.

3.3 Integrering med rett til eit heilt liv

Menneske som er avhengige av andre for å kunne leve etter sitt trus- eller livssyn ute og heime, skal kunne få hjelp til dette av tenesteytarar. I 2006 har dette kome meir i fokus enn nokon gong, ikkje minst kor naudsynt det er å undersøkje den einskildes livssynsbakgrunn betre og ta dette på alvor, både med tilrettelegging i heimen og i høve til deltaking i kyrkje eller andre livssynssamfunn. Ein stor konferanse i Oslo i byrjinga av november sette eit nasjonalt fokus på dette, med fleire deltakarar frå vårt bispedøme.

Sjølv om vi har eit auka fokus på retten til eit heilt liv, er det mange ting som stengjer for deltaking, ikkje minst praktiske som for eksempel bemanning i helger. Blant anna av den grunn vil det framleis vere naudsynt å satse hardt på *tilrettelegte tiltak*. I Agder og Telemark bispedømme gjeld dette SIMEN, «Tru og Lys» og «Ei kyrkje for alle» for vaksne, og ALF/AlfSam for barn og unge. Agder og Telemark bispedømme er det bispedømet i Noreg som har flest slike tilrettelegte tiltak for menneske med utviklingshemming og erfaringane er svært gode.

«Eg vil at de skal veta kor mykje dette betyr for bebuarane våre.»
(Tenesteytar)

«Vi er svært stolte over å ha dykk med i vår kyrkjelyd. Når de deltek på gudsteneste, vert det ei heilt spesiell oppleving» (Prest)

Dei tilrettelegte tiltaka opplevast utelukkande positivt og har framtida føre seg. Likevel er det framleis vanskeleg å få kyrkjelydane til å forstå kor viktig det er at vi vert ein heil lekam med alle lemmer i funksjon. Integrering, inkludering og tilrettelegging vert framleis sett på som ei sak for spesielt interesserte, ikkje som ei hovudsak for kyrkja. I trusopp-læringsprosjekta er rapporterings-rutinane på tilrettelegging for alle innskjerpa. Mange har dette sterkt inne. Likevel sitt ein med inntrykk av at det enkelte stader framleis sjås på som noko som kjem i tillegg i staden for noko som skal liggje i botn av alle tiltak.

ALF-klubbane i Kristiansand og Porsgrunn har vore i drift i mange år, i september 2006 kom endeleg AlfSam-klubben i Grimstad/Arendal i drift. Alle desse har vore drive i samarbeid med Normisjon. Dei har sett av stillingsressurs til dette. Nå er dette i fare i Kristiansand og Grimstad/Arendal pga innsparingar. Dette er ein sørgjeleg konsekvens av trongare økonomiske tider for mange kristne organisasjonar.

Alle stader der det er tilrettelegte tiltak i bispedømet, er desse tiltaka med og pregar gudstenestelivet.



Linda med Kristuskransen

Dels ved at deltakarar får frimod til sjølv å vere med på vanlege gudstenester, dels ved at dei tilrettelagte tiltaka er sterkt inkludert i arbeidet med ein del av gudstenestene. Erfaringane frå dette er i 2006 berre gode og utviklinga syner at det i alle fall ikkje vert færre slike gudstenester med fokus på heile mennesket.

3.4 Unge i kyrkja

Det har vore stort trøkk på ungdomssatsinga vår i 2006. I tillegg til å auke kapasiteten på KonfCamp samstundes med at tiltaket ikkje lenger får støtte frå Kyrkjerådet, har vi kome med nyvinningane Bibeldagen og Roadservice. Roadservice har blitt eit flaggskip som set sitt preg, ikkje berre på vårt eige bispedømme, men på heile landet. Bispedømmet er svært stolt av arbeidet som vert drive på ungdomsfronten, og bispedømmerødet har årlege møte med ungdomsrådet.

I 2006 starta *Roadservice*, bispedømmet sitt siste store prosjekt for ungdom. Konseptet inneheld to timar undervisning, konsert og fleire mindre tiltak retta mot ungdom. Teamet, som består av 7 personar, begynte sin turné i haust, og det har gått over all forventning! Til nå har teamet gjennomført undervisningsopplegget på 40 stader. I tillegg har bandet delteke på 11 reine konsertar. Til saman har 4480 ungdomar fått 4 timar trusopplæring. Mellom 2500 og 3000 har vore til stades på konsertane. Meir enn 7000 ungdommar har altså opplevd eit av arrangementa til teamet. Heimesida www.roadservice.no har stor trafikk og alt i alt skapar dette prosjektet mykje engasjement blant dei ungdommane det treff. Roadservice er eit nasjonalt prosjekt, og vi vil i løpet av skuleåret 2006/2007 ha besøk i alle bispedømma.

KonfCamp blei gjennomført for fjerde gang, og for første år utan



støtte frå Kyrkjerådet. Det har vore ein strevsam prosess og rekneskapa for 2006 viser minus. Vi er likevel nøgd med at vi har klart å føre prosjektet over i ei normal driftsfase, og tala for 2007 viser allereie at vi har greidd omlegginga. Vi hadde ikkje klart det utan at Skjærgårdsgospel hadde vist vilje til å ta deler av den økonomiske belastninga.

KonfCamp hadde i 2006 406 deltakarar og 26 frivillige leiarar. Dette er ny rekord. Tilbakemeldingane frå kyrkjelydane er som tidlegare år gode. *KonfCamp* er eit overregionalt tiltak med eigen rapport og deltakarane kjem frå heile Sør-Noreg.

Agder og Telemark bispedømme er medarrangør av *Skjærgårds Music and Mission festival*, som i 2006 selde 20535 dagsbilletter. Dette er rekord. Utgiftene som bispedømmerådet har med festivalen ligg under *KonfCamp*.

Ungdomstinget hadde i år det beste programmet sidan oppstarten i 2004. Likevel ser det ut til at kyrkjelydane ikkje ser på UT som ein viktig del av ungdomsarbeidet sitt. Vi opplevde i 2006 ein nedgang i talet på deltakarar. Likevel deltok det 55 personar (åtte over 26 år) på *Ungdomstinget*, noko som er relativt bra.

Bibeldagen er eit tiltak vi starta opp i 2006 etter ønskje frå *Ungdomstinget*. Eit dagsseminar med parallelle kurs samla til saman 49 deltakarar. Seminaret varte seks timer og vi er svært godt nøgd med gjennomføringa.

Tjen.no starta vi opp som tiltak i 2005. Erfaringane var gode, men

det var ingen som kunne dra prosjektet vidare og det ligg derfor på vent.

Elles ser vi at det er ein trend at ungdomskonsulentstillinga har større fokus på prosjekt og arrangement enn på rådgjeving av ungdomsarbeidarar. Vi registrerer også at vi framleis er det einaste bispedømmet i landet med ein ungdomskonsulent i full stilling.



Framsida på ny informasjonsbrosjyre

3.5 Kyrkjelyd og misjon

Samarbeidsråd for kyrkjelyd og misjon i Agder og Telemark bispedømme (SMMAT) har hatt fokus på dei fem delmåla i strategiplanen. 1) Me vil skape haldningar, 2) Me vil arbeide blant born og ungdom, 3) Me vil satse lokalt, 4) Me vil arbeide for å synleggjere og 5) Me vil arbeide saman.

På Kyrkjemøtet hausten 2005 søkte ein å endre innhaldet i omgrepet «misjon». Misjon er ikkje berre ein aktivitet me som kristne gjer, misjon er ein eigenskap ved det å vere kyrkje. Gjennom 2006 har

SMMAT søkt å formidle desse tankane til sokneråd, tilsette og frivilljuge i kyrkjelydane.

I 2006 har SMMAT hatt eit særleg fokus på ungdom og misjon, gjennom tett samarbeid mellom misjonskonsulentent og ungdomskonsulentent på bispedøme-kontoret. Tilsynelatande tverrfagleg arbeid, men eigentleg to sider av same saka: føresetnadene for kyrkjas framtidige eksistens! Utan å satse på ungdom, og utan å ha eit misjonerande aspekt med i alt ein gjer som kyrkje, har kyrkja inga framtid. SMMAT sitt fokus på ungdom har gjort oss involverte i mange ulike tiltak. Den direkte årsaka til mange av desse, er oppmodingar frå ungdommane sjølve via ungdomstinget og ungdomsrådet i bispedømet.

SMMAT har gjennomført to større «kampanjar» for misjonsavtalar i kyrkjelydane i 2006. Etter desse har talet på sokn med misjonsavtalar endra seg frå 81 til 94 (av totalt 142 sokn i bispedømet). Fleire kyrkjelydar har meir enn ei misjonsavtale: Totalt har me nå 106 SMM-avtaler (mot 94 i starten av året). Me har nok framleis ein veg å gå før alle kyrkjelydar har eit medvite og aktivt forhold til si avtale.

For mange kyrkjegjengarar er SMM ein ukjend storleik. Delmål fire i strategiplanen er difor å arbeide for å synleggjere nettverket vårt. I 2006 har me auka innsatsen vår på dette feltet, og me opplever at tiltaka gjev resultat. Informasjon og promotering av arbeidet må vere ein viktig del av arbeidet også framover.

«Me vil arbeide saman» er eit siste delmål på strategiplanen.



SMM deltok på ungdomsarrangementet Celebration i Skien 11.11.06. Foto: celeweb.no



Nettverket, både styringsgruppa og arbeidsgruppene, fungerer greitt og det herskar eit godt klima mellom alle partane. Me opplever eit positivt fellesskap om saka me alle arbeider for.

3.6 Gudstenesteliv

Arbeidet med gudstenestereforma er satsingsområde i kyrkja. I vårt bispedømme har det form av eit treårig prosjekt, kalla «Liv i kirken». Fem ressurspersonar i/for kvar sitt geografiske område er tilsett i 10 % stilling. Profilen er desentralisert og siktar på å byggja nettverk og stimulera tiltak lokalt.

Agder og Telemark biskop gjennomførte ein større «kick off» for prestar og kyrkjemusikarar med to store gudstenestekurs i Skien og Kristiansand mars 2006: «Fra solospill til samhandling – muligheter og utfordringer i gudstjenestereformen».

Ei uoppfordra tilbakemelding frå ein prest:

«Takk for flotte kursdager. Det var utrolig spennende å være i en prosess sammen på denne måten, og det var påfallende lite sutring og omstillingsvegring å høre. Det må bety både at kurset var bra og at reformarbeidet følger spor som det sluttes opp om ute på grasrota. Dette er svært spennende!»

Om «Liv i Kirken» maktar å følgja spor som det sluttast opp om på grasrota, vert avgjerande framover. Enkelte, men forholdsvis få, kyrkjelydar har sendt søknad om liturgiske forsøk eller har status som utprøvingsskyrkjelydar. Årsrapportane frå dei 5 ressurspersonane og idébanken som er utvikla på bispedømmet si heimeside, viser at gudstenestelivet er i ønska endring når det gjeld fleksibilitet, involvering og lokal forankring. Det vert gjort mykje kreativt på å utvikle symbolbruk og enkeltledd i gudstenesta, involvere frivillige og knytte band til aktuelle målgrupper og hendingar i lokalsamfunnet. Men det er ei stor utfordring å fornya form, innhald og rammer slik at barn og unge opplever gudstenesta som si. Ungdomstinget vårt er ein viktig pådrivar her.

I enkelte regionar har det vore vanskelegare enn forutsett å utvikla lokale nettverk. Kyrkjelivet er svært ulikt og det kan vere motstand mot fellesstrukturar både når sokna er ressursfattige og når dei har godt med ressursar og prioriterer eiga kyrkje. Ei nødvendig justering og forbetring undervegs i 2006 har vore at prostemøtet og prostane har teke på seg eit tydelegare ansvar for «Liv i kirken»-prosjektet.

3.7 Kyrkjebyggforvaltning

Det er stor aktivitet på fagområdet for kyrkjebygg i Agder og Telemark. Når det gjeld kyrkjer som er bygd i åra frå 1960 til 1980, gjerne

beskjedne arbeidskyrkjer, kjem no behovet for utviding og påbygg av kyrkjene for å møte behovet for høvelege lokale for alle aktivitetane i kyrkjelyden.

Når det gjeld dei listeførte kyrkjene, kan ein registrere mange saker. Av utvendige arbeid er det nokon stader trøng for tilbygg som kan romme kontor for tilsette og sal for kyrkjekaffi og større samlingar.

Av søknader som gjeld endringar av inventaret, er det mange søknader om fjerning av kyrkjebenker. Bakerst i kyrkja ynskjer ein å få plass til barnekrok og lysglobe, eller bord til mindre møter. Framme i kyrkja ynskjer ein å få plass til musikarar og kor, eller dramagrupper og andre innslag. Vi har registrert ein auke av saker der soknerådet i ei kross-kyrkje ynskjer å fjerne alle benkene frå krossen og fram til altarpriet, ikkje sjeldan etter framlegg frå kyrkjekonsulenten. Riksantikvaren sine verneinteresser og kyrkjelydane sine bruksbehov kjem meir og meir i klemme. På bakgrunn av biskopen sitt vedtak i ei kyrkje, der biskopen opna opp for slik benkefjerning, har saka endt med at Riksantikvaren har freda kyrkja. Dette fører til problem for kyrkjelyden sitt arbeid.

Eit døme på at kyrkja si kulturmelding «Kunsten å være kirke» har hatt ein verknad kan vi gje med saka om mobil altertavle i Vanse kirke, Farsund. Kyrkja er freda, og Riksantikvaren sa opphavleg nei til eit framlegg om å kunne setja eit måleri med lyst motiv framfor den eksisterande altertavla ved særskilde gudstenester. Biskopen klagde på vedtaket, og synte til at ein slik variasjon i utsmykkinga var ein god måte å fylgje kulturmeldinga. Riksantikvaren endra sitt vedtak. I løpet av 2006 har den nye altertavla vore nytta ei rekkje gonger.

3.8 Pilegrimsvandring

Vi ser eit endringstrekk i at gamle pilegrimsveggar opnast, både for turistar og moderne pilegrimar. I Vest-Telemark har museum, historielag og diakonat eit spennande prosjektsamarbeid om å utvikla den gamle ålmannvegen og pilegrimsvegen frå Seljord til Røldal stavkyrkje som permanent tur- og pilegrimstrasé. Oppslutninga om den organiserte pilegrimsvandringa over ni dagar aukar. Religiøse, kulturhistoriske og naturopplevande motiv trekkjer nye og ulike menneske i vår tid til ei vandring med diakonal profil. Agder og Telemark bispedømme ønskjer å stimulera og støtta dette arbeidet som på sikt kan gje fleire konkrete vegar mot eit mogleg pilegrims-senter i Røldal. Vi saksar frå prostidiakon Eilev Erikstein si interessante skildring under nyheitsarkivet på heimesida vår:

Til lenge etter reformasjonen var det sveittande krusifiset i Røldalkyrkja eit stort pilegrimsmål. Dei gamle pilegrimane hadde bestemt reiseutstyr med seg. Hatt og kappe til vern mot vær og vind. Stav å stø seg på vegen. Staven skulle òg minne dei om kor naudsynt det er å halde seg til Kristus. Så måtte ein ha ei veske. Ein pilegrim skulle klare seg med lite, og veska skulle alltid vera open slik at ein lett kunne dele med seg. Folket på vegen er ulike. Nokon går for å få med seg historie og kulturen langs vegen, andre for helsa si skuld. Somme for trua på Jesus. Andre igjen for heile pakka. Men det er den same varme sola me kjenner, og er takksame for. Nyt dei same svalande regnbyger, får like vonde gnagsår og kjenner lukta av sauemøkk, ja, trakkar jamvel i han. Vi går under den høge himmelen og følgjer dei same gamle vegar. Dei som lagar nye vegar i sinnet.

